

## Kontrollutvalet – oppfølging av sak

Askøy kommune har ferdigbehandla denne saka, på bakgrunn av revisjonsrapporten frå 2010 og tilhøyrande kommunestyrevedtak, utan medverknad frå Meland kommune. Fylkesmannen stadfesta Askøy kommune sitt vedtak den 05.10.2012.

Lilleskare har både før og etterpå sendt fleire skriv til kommunen, og fått fleire tilbakemeldingar. Skriv av 14.02 og 25.02.2013 vart besvart med utgåande skriv 06.03.2013. I desember 2013 sendte Lilleskare brev til Fylkesmannen om manglande svar, dette fekk kommunen oversendt frå fylkesmannen 12.12.2013.

Ordføraren orienterte om saka i kommunestyret, i spørjetimen 19.02.2014. Dagen etter ringde Lilleskare til Fylkesmannen og meldte frå om at det framleis ikkje var kome svar frå kommunen, og Fylkesmannen minna derfor kommunen om saka i skriv datert 26.02.2014. Administrasjonen sendte derfor eit nytt svar til Lilleskare, med kopi til Fylkesmannen, den 12.03.2014.

Askøy kommune har elles også orientert Lilleskare, i brev av 10.04.2014, etter eit skriv frå Lilleskare datert 17.03.2014 der han ber om realitetsbehandling.

Det er kome to nye skriv frå Lilleskare, datert 14.04 og 19.05.2014. Administrasjonen svarte på desse ved skriv datert 03.06.2014. Seinare skriv frå Lilleskare, av 25.08 og 06.10, er ikkje besvart sidan dei førre tilbakemeldingane frå kommunen ikkje vert akseptert.

Administrasjonen vil minne om at Nordhordland Revisjon har gått gjennom alle saksmappene for denne egedomen, som ein del av førebuing av saka som kommunestyret behandla 16.06.2010; «Forvaltningsrevisjonsrapport – dokumentoffentlighet og oppfølging av melding om ulovlege tiltak». Administrasjonen tek utgangspunkt i at revisjonen har vore grundig, og at rapporten som kommunestyret byggjer vedtaket sitt på har avdekket det som skulle rettast opp.

Administrasjonen finn elles grunn til å peike på at den administrative og faglege leiinga i kommunen er ny i høve til den aktuelle byggeperioden, og har ingen «eigen» agenda i høve til eventuell prestisje i saka. Kommunen har ikkje ledig kapasitet til å bruke mykje ressursar på saker som er avslutta og ferdigbehandla, til det er saksmengda elles alt for stor.

Kopi av kommunestyrevedtaket den 16.06.2010 følgjer under her.

Plan, utbygging og kommunalteknikk 31.10.2014



Kommunestyret sitt vedtak i møte 16.06.2010 var følgjande:

### **KS-047/10 SAMRØYSTES VEDTAK:**

*”Kommunestyret sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilråding i revisjonsrapporten ”Dokumentoffentlighet og oppfølging av melding om ulovlege tiltak”. Revisjonen har sett på ei konkret sak, men rapporten vil kunne ha generell interesse for sakshandsaming i kommunen.*

*Administrasjonen må gå gjennom sine rutinar og praksis for å sikre at krava gitt i offentleglovgivinga vert ivaretatt i all sakshandsaming.*

*Administrasjonen må gå gjennom sine rutinar og praksis slik at ein sikrar at saker som vert handsama, er tilstrekkeleg skrifteleg utgreidd med omsyn til fakta, lovheimlar, vurdering og konklusjon.*

*Kommunestyret ser behov for å etablere skriftelege rutinar for korleis ulovlege tiltak skal følgjast opp.*

*Kommunestyret registrerer at administrasjonen vurderer garasjen som eit tiltak som det skulle vore søkt om. Administrasjonen har i denne saka ikkje følgd opp sin uttalte praksis for oppfølging av ulovlege tiltak. Kommunestyret ser det difor som naturleg at administrasjonen føl opp denne saka slik fylkesmannen uttaler i sitt brev 20.01.10.*

*Kommunestyret ber administrasjonen om å koma med ei tilbakemelding innan oktober 2010 om korleis vedtaket er følgd opp.”*

***Pål Kårbø, KrF, kom med følgjande protokolltilførsel:***

*”Partiet KrF konstaterer at Meland kommune sine svar/råd i den aktuelle byggesaka har vore vanskeleg å forhalde seg til for tiltakshavar, og at dette vert vektlagt ved handsaming av byggesøknaden.”*

***Protokolltilførselen fekk 7 røyster (3 KrF, 4 AP).***

Kommunestyret har fått tilbakemelding på alle punkta elles.